

# Menighetsbladet



Tustna

Aure

Stemshaug

Nr 2 2022 47. årgang



Alterskapet er tilbake



# Andakten

Av Elisabeth Finset

## Hvorfor kristen?

Da jeg ble spurt om å holde en andakt, lurte jeg på hva jeg skulle skrive. Så tenkte jeg: Jeg vil dele vitnesbyrden mitt: Hvorfor er jeg en kristen?

Jeg har vokst opp i en kristen familie, som den yngste i en søskenflokk på fire, på Follense på Askøy, utenfor Bergen. Mine foreldre var aktive på bedehuset, og vi gikk i kirken. Vi hadde til og med søndagsskole hjemme i vår egen stue i mange år, så jeg hadde lært mange bibelhistorier og hørt mange taler. Men det var det året jeg var konfirmant og lærte mer om den kristne troen, at jeg bestemte meg for at dette ville jeg satse på. Jeg kunne ikke bare leve på det som mamma og pappa trodde på, men jeg måtte ta et valg selv. Og det har jeg ikke angret på.

Jeg tror det er mer med livet enn at vi skal leve sånn cirka 80 år her på jorden før vi dør, og that's it! Jeg tror på Guds ord og alle hans løfter, deriblant løftet om evig liv. Jeg tror at det som står i Bibelen, er Guds ord, og at det gjelder i dag. Jeg tror Gud har skapt oss og at det er mening med livet ditt og mitt. Vi mennesker ønsker så gjerne å forstå alt, hvordan ting henger sammen og fungerer. Det er ikke noe galt med vitenskap og kunnskap, men jeg tror ikke vi klarer å forstå alt. Å tro er nok. «For av nåde er dere frelst, ved tro. Og dette er ikke av dere selv, det er Guds gave» Efeserne 2:8.

Det blir fint i den nye jobben der jeg blant annet skal være konfirmantlærer - å få gi videre det som jeg har fått. Jeg trives veldig godt i jobben som lærer, men den kristne troen er noe som betyr veldig mye for



meg, så det skal bli spennende!

Jeg er grepet av Gud, har fått erfare at Han er en Gud som lever og som er nær, og det ønsker jeg at flere skal få oppleve! Troen er visshet om ting man ikke ser, står det i Bibelen. Jeg kjenner på en fred og en visshet i hjertet som er vanskelig å beskrive.

*«Jeg har blitt funnet av Gud. Ikke med min rettferdighet, men med den rettferdighet jeg får ved troen på Kristus Jesus».*

Filipperne 3:9.

## Felles soknerådsmøte

Sokneråda var samla til møte i Sør - Tustna kapell til fellesmøte tysdag 7. juni.

Minst ein gong for året er alle sokneråda samla for å diskutere felles saker. På desse møta er også dei tilsette inviterte. Denne gongen var det Tustna som inviterte til Sør-Tustna bedehus.

Vi takkar Tustna menighetsråd for invitasjon og bevertning.

*Kyrkjeverja*



## Bjørnholmstemnet



**Endeleg på Bjørnholmen att.**

Søndag 14. august kl. 13.

Andakt ved Jens Espeland.

Sal av enkel grillmat og drikke.

Båtskyss frå kaia ved Bygg-Mix kl. 12.30.

Ta md redningsvest.

*Arr. Misjonsambandet.*

## Resultat Fasteaksjonen 2022

### Aure

Bøsser - 18795,-

Vipps - 9473,-

Andre - 1665,-

Total - 29933,-

Andre - 288,-

**Total - 16850,-**

### Stemshaug

Bøsser - 7613,-

Vipps - 1241,-

Andre - 281,-

Total - 9135,-

Det ble totalt i hele kommunen samlet inn kr. 55.918,-

Til sammenligning ble det i 2021 samlet inn kr. 9.091,-

### Tustna

Bøsser - 11904,-

Vipps - 4661,-

Helt fantastisk! Tusen takk for innsatsen til alle som har bidratt og spesielt stor takk til konfirmanter med medhjelpere!

# Min salme Ann-Mari Ullsnes

I mine yngre dager var det ikke mange aktiviteter å delta på, men basarer var det en del av.

Basar på grendehuset og bedehuset var spennende saker, særlig når basaren ble arrangert på kveldstid og etter mørkets frembrudd.

Salmen jeg har valgt, hørte jeg først på en basar på bedehuset på Skar da jeg gikk på barneskolen. Den vart framført av en mann med kraftig stemme, mulig en misjonær som var på besøk.

Jeg husker vi ba om å få teksten nedskrevet etter framførelsen (det var den tiden vi samla og skrev ned sangtekster i bøker).

O store Gud er en kristen salme basert på diktet skrevet av Carl Gustav Boberg i Sverige i 1885, og melodien er en svensk folkemelodi.

Salmen kom til Norge på slutten av 1950-tallet.

## O, store Gud

*O store Gud, når jeg i undring aner,  
hva du har skapt i verden ved ditt ord,  
ser universet med de mange baner,  
og vet alt liv oppholdes ved ditt bord;*

*\*/\* Da bryter lovsang ifra sjelen ut:  
O store Gud, o store Gud! \*/\**

*Når jeg i skriften ser de mange under,  
som Gud har gjort fra første Adams tid,  
og ser hvor trofast Herren alle stunder  
har ført sitt folk igjennom livet strid.  
Refr.*

*Når jeg så vet at Kristus lot seg føde,  
ja, at han gikk omkring og gjorde vel,  
inntil han sonet verdens synd og døde,  
og oppsto for å frelse hver en sjel:  
Refr.*



*Når så til slutt hvert tidens slør må falle,  
og troens mål er nådd, så jeg får se,  
vil evighetens klokker sjelen kalle  
for tronen mellom skaren hvit som sne:*

*\*/\* Da bryter lovsang ifra sjelen ut:  
Takk, store Gud, takk, store Gud \*/\**

## Ny trosopplærer/ konfirmantlærer

Jeg er Elisabeth Finset og skal starte i ny jobb på kirkekontoret som konfirmantlærer, trosopplærer og sekretær fra og med august. Det gleder jeg meg til! «Forandring fryder» er det jo noe som heter, så da prøver vi det.



Jeg går for å være en bergenser, men det er jeg faktisk ikke. En elev spurte meg en gang om hvilket land jeg kom fra. Jeg kommer fra Askøy som ligger like utenfor Bergen. En fin plass å vokse opp. Jeg er utdannet lærer og har jobbet som det både på Askøy, i Bolivia og her i Aure. Hit kom jeg med familien i januar 2013 og har bodd her siden da. Jeg er gift med Tore og sammen har vi tre barn. På fritiden liker jeg å trene (gjerne fotball eller annen ballsport), strikke litt og se film. Å være med i kristent fellesskap er viktig for meg og jeg liker å være engasjert i barne og ungdomsarbeid.

Etter mange fine år på ABUS er jeg klar for nye utfordringer. Jeg har aldri vært ansatt i den norske kirke før, så det blir spennende! Det blir kjekt å få lære og prøve nye ting og bli kjent med nye folk.

*Vi ønsker Elisabeth velkommen i staben!*

## Aureveka

### Åpen kirke

**Gullstein kirke** er åpen, og det er mulighet til å tenne lys og ta en kopp kaffe  
23.07-31.07 fra kl. 11-19  
Arrangør: Tustna menighetsråd

### Opne kyrkjer

**Stemshaug kyrkje** er open. Det er servering av kaffe/vaffel. Det er også høve til å tenne lys.  
25.07- 28.07 fra kl. 13-16  
26.07. kl. 14.00 Orgelmusikk av Alexey Kurbanov  
28.07. kl. 14.00 Orgelmusikk av Alexey Kurbanov  
Arrangør: Stemshaug sokneråd

**Aure kyrkje** er open frå kl. 11.00, med høve til å tenne lys  
29.07. kl. 12.00 Orgelmusikk ved Alexey Kurbanov  
Kl. 12.30 Guiding  
Kl. 14.00 Orgelmusikk  
Kl. 14.30 Guiding

Arrangør: Aure sokneråd

## Måling av Stemshaug kyrkje

Arbeidet med skraping og fjerning av gammel måling på kyrkjeveggane er gjennomført i mai mnd.

No skal kyrkja stå å tørke etter denne prosessen. Slik at det blir nokre veker utan aktivitet.

Målarane kjem attende i løpet av juni og vil starte arbeidet med å påføre linoljemåling på kyrkjeveggane.

# Festgudsteneste for Per Eilert Orten

**Søndag 29. mai var det festgudsteneste og festsamver med takk for den lange og gode tenesta Per Eilert Orten har gjort som sokneprest.**

Ei fullsett Aure kyrkje takka av Per Eilert Orten, som no har gått av med pensjon. I tillegg til Orten deltok prost Sindre Stabel Kulø, seniorprest Erik Blomstrøm, prest Gerd Anne Aarset, sokneprest i Nordlandet kyrkje Lars Ove Skaret og sokneprest i Kirklandet kyrkje Tormod Sikkeland på gudstenesta. Aure songlag og Aure misjonskor deltok med song. Etter gudstenesta var det festsamver i Bergtun grendehus. Her deltok mellom andre organist Alex Kurbanov, Artig Lell og Kor i All verden. Fleire deltok med helsingar.

Redaksjonen har nok veldig mange med oss når vi vil uttrykke takksemd over den tida Per Eilert var sokneprest her.

Tekst Jan Ove Krutvik. Foto: Johannes Finset.



# Katolsk alterskap fra ca. 1510 tilbake i Aure kirke

Det gamle katolske alterskapet som står i Aure kirke, er et vitnemål om at Aure kirke er en Maria-kirke.



## Om skapet (Kilde: Jubileumshefte Aure kyrkje 50 år)

Skapet skal visst være laget i Flandern i Belgia, og er fra ca. år 1510. Figurene er laget i eik, som visstnok kommer fra nord-Tyskland. De er vakkert utskårne og malt i farger rødt, grønt og blått. Det er også brukt plate-gull til forgylling. Det er to Maria-figurer. Fra venstre står Maria som himmeldronninga med krone, og med Jesus-barnet på armen. Jesusbarnet holder et granateple mellom hendene. Videre er det Maria med evangelieboka og St. Anna, mor til Maria, som holder Jesusbarnet på armen. Også her holder Jesus-barnet granateplet mellom hendene. Helt til høyre er det en figur av St. Kristoffer med Jesusbarnet på aksla, og med pilegrimstav og almissepung.

Det er videre malt helgenbilder på dørene. På utsiden er det til venstre et bilde av St. Apolonia fra Aleksandria, med ei stor tang i den ene handa og ei bok i den andre. Til høyre er det et bilde av St. Georg som dreper dragen med et sverd. På innsiden av dørene er det på venstre side malt et bilde av apostelen Andreas med Andreas-korset, og på høyre side et bilde av St. Barbara som står ved sida av slottet der får hennes sette henne i fengsel fordi ho ikke ville svikte sin Frelser og gifte seg med en hedensk fyrste. Ho holder lotusblomsten i handa.

## Prosessen med behandling av skapet

Etter at riksantikvaren var på besøk i Aure

kirke høsten 2019 for tilstandsregistrering av inventar, tok Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) kontakt med kirkevergen for behandling av det gamle alterskapet. Det var sett av store summer til dette arbeidet.

19 mai 2020 ble skapet hentet i Aure, og transportert til Oslo for å bli behandlet (NIKU)

## Rapport hentet fra NIKU

*Alterskapet har blitt behandlet på NIKUs atelier. Løs maling ble festet før overflatene ble renset og til slutt retusjert slik at motivene fra middelalderen kommer best mulig til sin rett.*

*I tillegg har alterskapet blitt undersøkt og*

*dokumentert. Konstruksjon og malingsstruktur har blitt undersøkt og kartlagt gjennom tverrsnitt, pigmentanalyser og røntgenfotografi. I samarbeid med NIKUs avdeling for digital dokumentasjon har skapet også blitt 3D-skannet før og etter konservering.*

## Tilbake til Aure kirke

Alterskapet ble transportert med spesialtransport, og returnert onsdag 6 april i år. Det er nå plassert tilbake i Aure kirke fremme på venstre side av koret

*Kirkevergen i Aure.*

Flere opplysninger om skapet og prosessen med restaurering kan hentes hos: [www.niku.no](http://www.niku.no)



# Estlandskveld

Torsdag 24. mars var det duket til Estlands-kveld på Aure misjonshus. Leder i diakonutvalget, Brit Nilsen, ønsket velkommen. Prestevikar Preben Colstrup holdt andakt og sang flere sanger. Brit hilste fra Estland og viste en del lysbilder derfra. Lars Fladseth fra Aure Reiseservice har kjørt hjelpesending til Estland i årevis. Han pratet om neste hjelpesending til Estland som går i august. Lars og barnebarnet Odin hadde vært der, og vi fikk se lysbilder. Nå ble det servering av en velsmakende kveldsbuffet. Stor takk til kjøkkenet som hadde tryllet fram så mye godt. Etterpå ble det åresalg. Det innkomne beløp går uavkortet til Estlandsinnsamlingen. Så var det Jon Heitmann som hadde vært med på mange turer med Lars. Bare en gang til Estland. Han hadde lyst til å bli med til høsten. Preben Colstrup sang et par sanger før Brit Nilsen takket for oppmøtet.

*Brit Nilsen*  
Leder diakonutvalget



## Hjelpesending 2022

19. august er det klart for ny hjelpesending til Narva. I 18 år har Lars Fladseth kjørt ca. 80 turer med spa -passasjerer, og ikke minst hjelpesending.

Dette året er det 30 år siden Lars startet som turoperatør i Aure Reiseservice. I den forbindelse så vil Lars ta denne Estlandsturen også som en jubileumstur. Alt nå er vi ca. 38 passasjerer som skal bli med på denne turen. Ennå er det plass til flere.

Dette året har vi ikke trailer med hjelpesending, men fyller opp bak i bussen med de kolli vi får plass til.

Vi har mange her i Aure som brenner for hjelpearbeidet og folket i Narva. Håper også å få med noen varer. Men vi ønsker mest mulig klær til barn og ungdommer, samt sko.

Siste nytt fra Narva er at nøden er stor. Svært mange trenger hjelp. Mange ukrainske flyktninger som har kommet, får være i Narva om de har slekt eller venner som kan hjelpe dem. Hvis ikke blir de sendt til Tallin. De får kun barnetrygd fra kommunen. Situasjonen er forvilt, men de får hjelp fra den menigheten vi støtter.

Familier med masse barn bor i små leiligheter. Ofte har de bare ett soverom, og de har det meget vanskelig økonomisk. De er svært glade for den hjelpen de får til mat og klær.

Det merkes mer og mer at det er større forskjell enn før pandemien. Matprisene har steget, og man ser daglig folk som leter etter mat i containere. Det er mye nød blant folket. Men det gir oss mye glede og takknemlighet å se alle mødre, barn og eldre som vi møter og får hjelpe. Takknemligheten vises på dem.

Derfor er vi også i år frimodige til å selge lodd for å hjelpe de fattige. Håper vi blir tatt godt imot. Loddsalget trekkes på kirkekontoret 16. august kl. 13.00

Innsamling av hjelpesending blir onsdag 17. august

Kl. 15.00-18.00 Aure gamle kommunehus

Kl. 15.00- 17.00 Leira samfunnshus

*Brit Nilsen*  
Leder diakonutvalet



# Takk til Stig Ottar Jensen

Stig Ottar vart tilsett våren 2019. Han har jobba som konfirmantlærer, trusopplærer, og sekretær på til saman 60% stilling. Han slutta som trusopplærer og sekretær 1. mai i 2021, og konfirmantlærarjobben avslutta han no 31. mai 2022. Det siste året har han hatt 100% stilling i Trondheim, og hatt konfirmantundervisninga på helg her i Aure og på Tustna. Og vi er veldig takksame for at Stig Ottar har hjulpet oss dette siste året, da det var vanskeleg å få til ei erstatning på undervisninga. Det meste av tida han var tilsett, var samfunnet prega av covid-19. Det gjorde jobben som trusopplærer vanskeleg. Det fyrste året var eit normalår, der dei fleste tilboda vart gjennomført,

men elles vart mange av arrangementa avlyste eller utsette, men jobben vart utført etter beste evne i forhold til situasjonen. Konfirmantarbeidet har derimot fungert greitt under pandemien. Undervisninga gjekk som planlagt, sjølv om det ikkje vart gjennomført verken leir/pilegrimstur eller miljøsamvere. Vi kollegaer på kyrkjekontoret vil takke Stig Ottar for den gode jobben han utførte, og for det gode samarbeid vi hadde gjennom dei åra han var tilsett hos oss.

*Med helsing staben på kyrkjekontoret.*



# Takk til Judy Lorraine Brow Rangnes

Judy vart tilsett som kyrkjelydsarbeidar og diakonimedarbeidar i 38% i januar 2019. Som arbeidsoppgåver var det i hovudsak, sekretær for sokneråda og diakonitualet. Men Judy har vore allsidig og har jobba med både økonomi og tatt i eit tak som kyrkjetenar ved behov. I tillegg til jobben på Aure er ho kyrkjevevjerje på Smøla, noko som også kom godt med i jobben på Aure. 1. februar sa ho opp stillinga si her i Aure og avslutta jobben sin formelt 1. mai.

Likevel vil vi sjå ho her også nokre veker i sommar, som vikar. Vi kollegaer på kyrkjekontoret vil takke Judy for den gode jobben ho utførte, og for det gode samarbeidet vi hadde gjennom dei åra ho var tilsett hos oss.

*Med helsing staben på kyrkjekontoret.*



# Prestevikar Preben Colstrup

Prestevikar Preben Colstrup avslutta sitt vikariat hos oss 22. mai for denne gong. Han har vore prestevikar sidan 1. februar i år. Han har hatt ein hektisk periode, med mange forskjellige kyrkjelege handlingar, konfirmantundervisning og konfirmantleir.


I tillegg til dette er Preben kunstnar og hadde kunstutstilling i Aure gamle prestegard i samband med påska. Her var det mange som var innom både for å sjå og kjøpe måleri. Noko av

inntekta gjekk til konfirmantarbeidet i Aure.

Preben kjem også tilbake, og vil vikariere som prestevikar i Aure frå 4. september og fram til 11. desember i år.

Vi takkar for denne gong og ønskjer han velkommen tilbake i haust.

*Kyrkjevevjerja*



## Stabstur til Grip

Torsdag 9 juni var tilsette på Aure og Smøla på sin årlege stabstur. I år falt valet på destinasjon Grip som ligg 12 km nordvest for Kristiansund. Vi hadde ein super dag med guida tur på øya. Og ikkje minst få oppleve stavkyrkja på Grip som er frå 1400-talet. Vi fekk innblikk i historia om øya, og perioden det har budd fastbuande, som var frå 1100- talet og fram til 1974.

*Kyrkjevevjerja*

# Bu heime-leir for barn 2 til 4 klasse

Dato: 16. - 17. august

Stad: Nordvang grendehus på Norheim



Vi inviterer til Bu heime-leir i regi av trusopplæringa i Aure Tilsette og frivillige medarbeidarar stiller opp for å gjennomføre eit flott arrangement. Program og invitasjonar til aktuelle aldersgrupper vil bli utsende.

## Program:

Leik, ballspel og andre spel, aktivitetar ute og inne, natursti, Tur til Solskjeløya  
Bibelstund, Barnas misjonsprosjekt-Bolivia, grilling, god mat, kjekke leiarar, song og spel og hopp og sprett

## Arrangement for barn og unge

31. oktober: Hallovenn

20. november:

2/4-års bok utdeling i Aure og Stemshaug kyrkje

4. desember:

2/4-års bok utdeling i Gullstein kirke



Utdeling av bøker til 6-åringane, Stemshaug kyrkje.

# Bu heime-leir



For deg som skal starte i 2., 3. eller 4. kl. Nordvang grendehus 16.-17. august.

Program kl 9-15 kvar dag.

Døra er open frå kl 8 ☺!

Sei frå ved påmelding om det er aktuelt å kome kl 8.

Program:  
Leik, ballspel og andre spel, aktivitetar ute og inne, natursti, tur til Solskjeløya bibelstund, Barnas misjonsprosjekt-Bolivia, grilling, god mat, kjekke leidarar, sang, spel, hopp og sprett!



STØRST AV ALT

Ikkje vent med å melde deg på! (seinast 5. august)

Aure kyrkjekontor v/ Dordi

Telefon: 47975472

e-post: [dordi@arekyrkje.no](mailto:dordi@arekyrkje.no)

Pris: kr 200 (inkluderer mat, utflykt og aktivitetar)

Kyrkjene i Aure er på Facebook  
Heimeside: [arekyrkje.no](http://arekyrkje.no)

  
Barnas  
Misjonsprosjekt er i år  
Bolivia

  
DEN NORSKE KIRKE

Arrangørar:  
Menighetene i Tustna,  
Stemshaug og Aure

# Trosopplæringa i sokna våre

Som kjent har stillinga som fast trosopp- lærer vært vakant i lengre tid. Dette har gjort at frivillige har tatt mer ansvar for de faste ting, så som utdeling av bøker og bibler i dette året. Først i april ville vi gjerne prøve å få til ein innføring i Bibel-bruk, kalt Bibel-sertifikat, blant de som fikk Bibelen tidligere i år.

Som det ofte er, kolliderte også dette med andre ting. En deltager kom, og hun hadde med seg bestemor. Det ble en koselig og givende kveld, og vi håper at Bibelen fort- satt vil gi de unge det gode budskap.

ønsker Elisabeth Steffensen Finset hjertelig velkommen blant oss. Hun har god kjenn- skap til oss fra før og vi tror dette vil bli kjekt.

God sommer!

En gledelig nyhet for alle sokna og tros- opplæring, er at vi har fått ansatt trosopp- lærer fra medio august i år. Vi i utvalget

*Kjell Pettersen*

# Konfirmantleir på Smøla

Kodeknekkeløype, sjølv laga pizza, maling, Eco-camp, bibelforteljingar, deltaking i gudsteneste og ein heimtur med frisk sjø- sprøyt over Edøyfjorden.

I slutten av mars var konfirmantane frå Aure på leir saman med Smølakonfirmantane. Vi starta tidleg på lørdag med eit spennande opplegg i og rundt Gurisenteret og gamle Edøy kirke. I grupper gjekk dei gjennom ei postløype med artige og interessante opp- gåver. Her var gamal historie presentert med ny teknologi.

Overnattingsstaden var tidlegare Innsmøla skole som no heiter Eco-camp. Det var ein triveleg plass der vi vart tatt godt i mot.

Foreldre frå Smøla hjalp til med kjøring og matlagning, frå Aure stilte vi med fem vaksne.

Vi planlegg óg leir til hausten, 17. til 18. september.



*Prestevikar Preben gav konfirmantane utfordringa å måle ein redningsaksjon. Dette skulle han bruke i preika si på søndag.*



*I gamle Edøy kirke vart ei og ei gruppe læst inne. På til- målt tid måtte dei finne oppgåver. Oppgåvene gav dei delar til ein kode som dei måtte knekke for å kome ut av kirka. Dette var ein av fem postar.*



*Sjølvs komponert pizza var populært. God og hektisk aktivitet på kjøkkenet.*



# Ho såg fienden brenne ned heimgarden

## Kaffepraten med Kari Ulfnes

**Kari Ulfnes, eller Kari "Bakkå" til dagleg, er ein kjent person i Aure og aller mest i lokalmiljøet kring Dromnessundet. Ho bur i eit triveleg hus nedom vegen ved Vihals og nyt livet som pensjonist. Men ho var i mange år i offentlig teneste her i kommunen, først som sjukesøster for helselaget, og det i ei tid da kommunikasjonen var annleis enn no.**

Tekst: Asbjørn Barlaup.  
Foto: Johannes Finset

- Nei, det var på moped og med ferge det, veit du. Og overnatting på gardane der pasientane var, når det var påkrevd, eg kunne no ikkje berre reise frå dei.

Sidan vart Kari avdelingssøster på Aure Sjukeheim med alt det ansvar som følgjer med det. Da var òg mopeden framkomstmiddelet for å kome seg til og frå arbeid. Og ho tok aktivt del i samfunnet, mellom anna som medlem av Aure kommunestyre. I nokre periodar var ho òg medlem i Stemshaug sokneråd, fleire år som leiar, og ho tek framleis del i samlingar i kyrkje og bedehus og på husmøte. Og fylgjer godt med i det som rører seg i landet og i verda.

- Det er forvilt med situasjonen i Ukraina. Da Russland gjekk til åtak på landet, kom minna så sterkt tilbake frå barndommen min og krigen i nord, seier Kari og let tankane vende attende til barndommen.



### Vaks opp med krig

Kari, med "pikenamnet" Oppgård, vart fødd i 1936 som nummer to i søskenflokk-en på tre, i Alta kommune, nærare bestemt på småbruket Solvang i Tverrelvdalen og ikkje langt frå Stilla, eit namn mange vil hugse frå miljøkamp kring 1980.

- Pappa arbeidde i Stilla skiferfelt, der mjøkje av Alta-skiferen vart og framleis blir teken ut. Så det var mamma som fekk mjøkje av det daglege arbeidet på garden, som mjølking og stell i fjøset. Og vi borna måtte no hjelpe til.


Kari var fire år da krigen kom til Finnmark. Og vi må vel seie det så sterkt at medan resten av Norge stort sett opplevde okkupasjon, så opplevde Finnmark krig, med trefningar på land og i luft, og med tyske skip inne i fjordane når dei ikkje gjekk til åtak på allierte konvoiar i Nordishavet. Men livet gjekk no på eit vis for dei fastbuande. Karis familie gøymde til og med ein russar som hadde rømt frå fangeleiren i nærleiken. Han fekk gøyme seg i fjøset, og mor til Kari sette ut mat til han i leikestova som Kari hadde.

Men i oktober 1944 vart det klårt at den sovjetiske hæren ville kome austrafrå, og Hitler gav i månadsskiftet ordre til at Finnmark og Nord-Troms skulle brennast i den såkalla brende jords taktikk, og at folk-et skulle tvangsevakuert vest- og sørover. Ordren vart avslutta slik: "Medlidenhet med befolkningen er ikke på sin plass."

- Dei tok no ikkje livet av oss da, slik det er i Ukraina. Men eg ser enno for meg røyken oppover Tverrelvdalen der gardane brann, seier Kari.

Og ho såg heimgarden i flammor medan familien vart driven ut og opp i ein buss. Farmora, som var litt tung i sessen, vart sparka avstad mot bussen av tyske militærstøvlar.

I Alta vart dei dagen etter, 5. november,



saman med fleire hundre andre, stuva inn i eit tysk skip, "Dichtmark" og under elendige tilhøve frakta til Tromsø. Tyskarane innreidde seg baki båten, flytningane var plasserte fremst framme i båten, for tyskarane frykta for miner. I Tromsø vart så flyktningane tekne varmt imot av lokalbefolkninga. Men det var smått med husrom, første natta sov Kari og familien oppe ved altarringen i domkyrkja. Kari hugsar òg at faren, etter å ha stått i matkø, kom med svart te og brødsriver med sardinar i olje.

Sidan kom familien med ei motorskøyte til Sortland og fekk losji på Jennestad handelsstad. Kari skulle begynne på skulen, men ho hadde ikkje skikkelege skuleklede, så det vart utsett. Flyktningestraumen auka på, og familien måtte evakuere vidare til ein gard i Indre Nærøy i Nord-Trøndelag. Eigaren der var send som fange til Grini, og Karis familie fekk ansvaret for å passa grisane. Og dei rydda seg eit soverom på mørkeloftet.



Dromnessundet sett frå Litlfontna. Foto: Steinar Melby.

Straks freden kom, reiste faren og beste-faren tilbake til heimgarden. Der var alt grundig nedbrend, det einaste dei fann att, var nattpotta. Men dei fekk bygd opp eit lite skjul av flyplassplank. Dei samla òg saman restane av komfyrar rundt om på gardane og fekk laga ein brukbar komfyr av desse brota. Så etterkvart som naboane vende heim til dei nedbrendte gardane, kom dei med deigtrau og ved til bestefar-ens gard Oppgård og fekk steikt seg brød. Kari hugsar enno at da ho og resten av familien kom etter nordover, lukta det så godt nybaka brød om dagane. Og ho fekk begynne på skulen, direkte i andre klasse. Elles fekk dei ei ku frå Sverige, og bestefaren innreidde fraukjellaren til fjøs. Året etter bygde faren eit betre bolighus til familien, og livet kom så smått i gang att, med hjelp til gjenreising. Familien vart òg auka med to born til, så dei var i alt fem søsken.

### Møtte kjærleiken på ein fraktbåt

- Korleis eg kom til Dromnessundet? Nei, det var kjærleiken det, veit du.

Oppbygginga av Finnmark tok mange år,

og det var aktivitet og trafikk, mest til sjøs. Da Kari var 17 år, kom ein fraktbåt til Alta, og der ombord arbeidde Ole Ulfsnes frå Stemshaug kommune på Nordmøre. Dei unge vart glade i kvarandre, og etter at ho var ferdig med sjukepleiutdanninga i Tromsø og Hammerfest, gifta dei seg i 1960, og busette seg to år etter på heimegarden "Bakkan" saman med foreldra til Ole og broren Godtfred. Og der voks døtr-ene Tone og Veslemøy opp. Det vart mykje arbeid på Kari og Ole, han arbeidde på garden og på båt, og ho vart med ein gong tilsett som sjukepleiar, attåt at ho hjelpte til på garden.

Så ramma tragedien på nytt. Ole skulle ein dag i -69 ned og setje garn på fjorden, men bårane etter ferga velta båten, og Ole omkom. Han og Kari fekk berre ni år saman som ektefolk. Og Veslemøy var ni månader gammel da faren døydde.

- **Men livet må gå vidare. Alt må gå,** seier Kari.

I staden for å gi opp og gi seg over bygde ho nytt hus til seg og småjentene, medan svigerforeldra og svogeren heldt fram i

gamlehusa. Og ho hadde arbeidet i kom-munen og treivst svært godt med det, sjølv om dagane var kolossalt travle. Ho tok til og med vidareutdanning i geriatri (pleie av eldre) i 1972. Ingen kan skulde denne dama for å ligge på latsida!

### Favorittsalmen

- Ein salme som har betydd svært mykje for meg, er salmen som biskop Sigurd Lunde skreiv: "Dine løfter er mange, din trofasthet stor", seier Kari som har fått røyne meir enn dei fleste av oss. Ho bur framleis i huset ho fekk bygd seg, Tone har teke over gamlehusa, og Veslemøy har arva husa i Vihalsbukta. Ho skifte nyleg tak der - og la Alta-skiferen på igjen. Den er no den beste, smiler Kari og er i tankane enda ein gong heime i Tverrelvdalen.

# SJØSIDEN

FRISØR

**Bente L.**  
**Kristiansen Istad**  
Mjosundet  
Telefon 479 55 426



**BERTELSEN  
GRAVFERD**

72 45 25 37 – Døgnvakt  
www.bertelsen-bgr.no

*Bertelsen Gravminner*  
41 77 05 10

*Bertelsen gravferd  
vinner av Næringsprisen i Heim 2020*



www.smaskin.no

## Blomster og gaver i Aure!

- sesongens blomster og planter
- spennende gavebutikk
- busker, trær, stauder.

Vi bringer!

Vi leverer alt til  
begravelser i  
Aure og  
Stemshaug.  
Frakt kr 50,-

ÅPENT  
ma-to 10-17  
Fre 10-18  
Lør 10-15

Velkommen til Vihals  
**Flora Idé AS**

– Jøran Ulfsnes-Skar –  
gartner og dekoratør  
Tlf 716 46 500 – 926 81 668



**H. Aukan**

**Regnskapskontor AS**

Tlf 71 64 40 40 – 6698 Lesund

Økonomisk rådgivning –  
Regnskapsføring  
Skattespørsmål  
VI HJELPER DEG!!

# COOP

vikhals

**Dagligvarer, bensin, diesel**

6697 Vihals – Tlf 71 64 56 45



**BYGGtorget**

BYGGVAREHUSET TENNHAUGEN AS

## Har du byggeplaner?

Vi er forhandler av Husmenyen  
og Hyttemenyen

### Vi forhandler:

- Arbeidsklær og verneutstyr
- Hus, hytter og garasjer
- Kjøkken, bad og garderobe
- Lås og beslag
- Maling, tapet og gulvbelegg
- Parkett og laminat
- Trelast og byggevarer
- Verktøy og redskaper
- Vinduer og dører

Gode tilbud på impregnermaterialer.  
Varebringning etter avtale.

Åpningstider:  
Mandag - fredag: 07:00 - 17:00  
Lørdag: 09:00 - 14:00

Adresse: Tennhaugen Industriområde,  
6699 Kjorsvikbugen  
Telefon: 71 64 53 20 - Faks: 71 64 53 21  
E-post: byggvarehuset@c2i.net

**Nybygg, rehabilitering, mur-  
og betongarbeider, puss-  
og flisarbeider, kjerneboring,  
betongsaging, graving.**

**Glamstad Bygg as**

6690 Aure Tlf. 71 64 66 80

## Vi arrangerer

- \* Barsedåp
- \* Konfirmasjon
- \* Bryllaup
- \* Bursdager
- \* Minnesamvær
- \* Catering



Tlf 716 46 238

# BUNNPRIS

**Aure**

**09 - 22 (20)**

**Tlf 71 64 62 70**

## Skipnes Mek. Verksted AS



6697 Vihals

Tlf 71 64 56 41

Faks 71 64 56 67

## AURE BIL OG FRITID

Din naturlige samarbeidspartner ved  
kjøp og service på:

- Bil
- Båt og båtmotor
- Caravan
- ATV
- Tilhenger
- Skog- og hageprodukter
- Verksted for bil, caravan, marine,  
ATV, landbruk, småmaskiner,  
EU-kontroll + + +
- Bilpleie
- Karosseri/lakk

Ta Kontakt med oss for en hyggelig  
handel.

Tlf: 48 48 83 48  
E-post: post@arebilogfritid.no  
Nettside: www.arebilogfritid.no  
Facebook: Aurebilogfritid

# Uttrekk av årsmelding Aure kyrkjelege fellesråd for 2021

## Fellesrådet si samansetjing 2019-2023

Kjell Pettersen, Aure, Leiar  
Åsmund Almlie, Stemshaug, Nestleiar  
Ivar Husby, Aure, Medlem  
Arve Johan Goa, Stemshaug, Medlem  
Linda Patricia Målen, Tustna, Medlem  
Gunnar Birger Gullstein, Tustna, Medlem  
Lillian Wessel, Repr. Frå kommunen  
Soknepresten, Medlem  
Ragnhild Finset, Marita Torset, Vara, Aure  
Ann Mari Ulfsnes/Kåre Johansson, Vara, Stemshaug  
Anne Marie Moltubakk, Vara, Tustna

## Tenester:

Kyrkja ynskjer at alle medlemmar skal få god tilgang på nødvendige kyrkjelege tenester, noko som vi vil gjere det beste for å tilby.

Statistikk over talet på gudstenester og andre kyrkjelege handlingar dei siste åra.

## Tenester

	2018	2019	2020	2021
Forordna gudstenester:	73	70	65	44
Andre gudstenester:				
Av dette gudstenester utanom søn-/helgedag:	11	6	16	8
Barnedåpar:	19	18	24	17
Konfirmantar:	33	33	21	29
Vigslar:	4	5	1	2
Gravferder:	38	43	48	48
Konsertar/ Songkv.:	5	4	6	5

## Tilsette

Kyrkjevevja Judith Bjørk, 100% stilling  
Organist Alexey Kurbanov, 80% stilling  
Kyrkjit./k.g.arb/ reinv. Kjell A. Fagerlie, 100% stilling  
Aure /Sth Kyrkjiet./kyrkjeg. Roger Steen, 55% stilling  
15% ekstra sommerhalvåret Aure/Sth /Tustna  
Kyrkjel.arb. Judy Rangnes, 38% stilling  
Trusopplærer Stig Ottar Jensen, 32% stilling  
Fram til 01.06.21  
Vakant frå 01.06.21  
Sekretær Dordi Signe Oldervik, 40 % 01.03.2021

## 2. Fellesrådet sitt arbeid i 2021:

Fellesrådet har i 2020 hatt 4 møter og handsama 40 saker.

Administrasjon:

- Medarbeidaren er blitt eit viktig reiskap for registrering av tenester, møter, avtalar mv.
- Arbeidet med Trusopplæring er ei viktig oppgåve, men for 2021 var det få arrangement på grunn av covid-19
- Omorganisering av arbeidsoppg. på kyrkjekontoret er noko vi jobbar stadig med, for å bli så effektiv som råd.
- Fører rekneskapen for både fellesrådet og alle tre sokneråda.
- Det blir lagt ned ein del adm. ressursar i konfirmantarbeidet, sokneråda og menighetsbladet.
- Gjennomført vernerunde i alle kyrkjer/kyrkjegardar og kontorlokale.
- Gjennomfører stabsmøte ca. ein gong kvar mnd.

- Arbeidet med GDPR er ei viktig oppgåve
- Arbeid med plan for Helse- Miljø og Tryggleik, er eit arbeid ein stadig må oppdatere.
- Tilgang til web-basert programvarer er nødvendig, og det krev ein del arbeid å halde seg oppdatert.
- For 2021 har det vore mange webinar og nettkurs som staben har delteke på.
- Fellesrådet sender fleire høyringsuttalar kvart år.
- Det sit ein adm. tilsett i kvart råd/utval.
- Utover dette gjennomfører adm. sitt arbeid i høve til instruks.

## Aure

### Kyrkja

- Maling av Aure
- Utvida podiet i Aure kyrkje.
- Nytt lydanlegg i Aure kyrkje.
- Internettilkobling i kyrkja.
- Elles vanleg vedlikehald.

### Gravplass

- Reparasjon av flaumlys i Aure kyrkje
- Planting av rododendron og prydbusker ved porten til Aure kyrkje
- Sletting av graver og fjerning av gravminne.
- 25 stellavtalar og 3 vatningsavtalar
- Elles vanleg stell og vedlikehald

## Stemshaug

### Kyrkja

- Internettilkobling i kyrkja.
- Vanleg vedlikehald.

### Gravplass

- Sletting av graver og fjerning av gravminne.
- 1 stellavtale
- Elles vanleg stell og vedlikehald

### Folde gravlund

- 2 stellavtalar
- Vanleg stell og vedlikehald av gravplassen

## Gullstein

### Kyrkja

- Internettilkobling i kyrkja.
- Vanleg vedlikehald

### Gravplass

- Sletting av graver og fjerning av gravminne.
- 15 stellavtalar
- Elles vanleg stell og vedlikehald.

Kyrkjevevja



# Livets gang

## Aure kyrkje

### Døpte:

03.04.22 Ada Rundberg Bergfall  
 17.04.22 Jesper Flaamo Duaas  
 05.06.22 Elisa Ulfnes Krog  
 05.06.22 Ella Eriksen Ulfnes

### Døde:

31.03.22 Asbjørn Tafjord f. 1949  
 08.04.22 Svein Leirdal f. 1941  
 10.05.22 John Halvdan Ramsvik f. 1934  
 24.05.22 Hermund Olsvik f. 1931  
 28.05.22 Ola Arvid Aarsund f. 1933

## Gullstein kirke

### Døpte:

10.04.22 Ingrid Ørbog Iversen  
 17.04.22 Håkon Aukan  
 17.04.22 Sigurd Aukan  
 17.04.22 Ingeborg Othelie Aukan

Vareminnesider.no – dødsannonser frå heile landet

### Vigde:

28.05.22 Susann Roth og Lars Hugo  
 Simonsen

### Døde:

20.03.22 Margrete Forbord f. 1935  
 26.03.22 Oddlaug Kvendbø f. 1928  
 24.03.22 Jim Remi Stølen Myhren f. 1989  
 10.04.22 Odd Gunder Ersvik f. 1935  
 05.05.22 John Arnfinn Soleim, f. 1937  
 15.05.22 Sverre Jørgenvåg f. 1930  
 24.05.22 Gunvor Karla Hustelid f. 1933

## Stemshaug kyrkje

### Døpte:

12.06.22 Kornelia Sofie Maria Evensen  
 Goa  
 12.06.22 Elsa Langholm Bakk

## Aure, Stemshaug og Tustna sokn

### Adresse:

Aursundsvegen 147  
 6690 Aure  
 post@arekyrkje.no

### Sokneprest:

Per Eilert Orten: 908 94 398

### Kyrjekontoret, Aure

Tlf: 71646251  
 Kontortid:  
 Ty-, to-, og fredag  
 kl 0900-1300  
 www.aurekyrkje.no

### Telefonar:

Kyrkjeverje:

Judith Bjørk: 924 35 280

Organist:

Alexey Kurbanov: 924 30 113

Kyrkjetenar/

kyrkjegardsarbeidar, Aure:

Kjell Arnold Fagerlie: 932 19 835

Kirketjener/Kirkegårdsarbeider Tustna:

Roger Steen

468 62 240

Sekretær Dordi Signe Oldervik

479 75 472

Kyrkjelydsarbeidar:

Konfirmantlærer

Ansvarleg for trusopplæringa

Vakant

### Bladstyre:

Jan Ove Krutvik: 915 21 410

Asbjørn Barlaup: 482 37 889

Einar Ørbog, Miriam Finset Ingvaldsen,

Brit Nilsen, Ann-Mari Ulfnes,

Anne Marie Moltubakk og

Judith Susanne Bjørk

Menighetsbladet kontonr.

4068.30.04415

VIPPS: 611170

### Trykk:

Orkla Grafiske AS

Tlf. 72 48 23 20

E-post:

ole-kristian@orklagrafiske.no

www.orklagrafiske.no



# Gravsted-tjenester




- Stell av graver • Pusser opp skrift i stein, • Gull (22 karat). • Sølv, hvitt og sort lakk.
- Vask av steiner og fundament, Vi fjerner mose og groe
- Oppretting av skeivt gravminne.
- Vi selger og nye gravminner, samt inn hugging av nye navn.
- Lys, lykter og bronse artikler.

Smøla, Aure, Hitra, Frøya og Heim - Tlf 91568305  
 gravstedtjenester@gravstedtjenester.no

TA KONTAKT MED JAN FRODE  
 JOHNSEN PÅ 91568305

gravstedtjenester@gravstedtjenester.no



## ØYVILT

6694 Foldfjorden

TLF: 915 75 803

## Vilt-Fisk-Fiskemat

Ring oss på  
 481 57 263 / 915 75 803  
 for en hyggelig prat.



Vi tilbyr catering til alle  
 anledninger

- Dåp
- Konfirmasjon
- Minnesamvær
- Bryllup
- Møtemat og lunsjer

Vi kan tilby en variasjon  
 av retter; koldtbord,  
 tapas, snitter, varmretter  
 og desserter.



# Gudstenester

Med atterhald om endringar  
– følg med i aviser og oppslag og på  
websiden [www.aurekyrkje.no](http://www.aurekyrkje.no)

03.07.22	11:00	Gudstjeneste	Aure kyrkje
10.07.22	11:00	Stemshaug kyrkje	Høgmesse
31.07.22	12:00	Støttepunkt	Friluftsgudsteneste
07.08.22	11:00	Gullstein kirke	Høgmesse
14.08.22	11:00	Stemshaug kyrkje	Høgmesse
21.08.22	11:00	Aure kyrkje	Høgmesse
04.09.22	11:00	Gullstein kirke	Høgmesse
11.09.22	11:00	Stemshaug kyrkje	Høgmesse
25.09.22	11:00	Aure kyrkje	Høgmesse

## Konfirmantjubilanter

### Konfirmert i Aure kyrkje 25.06.1972

Geir Morten Gudvangen  
Asbjørn Magne Kalvik  
Ove Leander Kalvik  
Hans Melland  
Erling Moe  
Olav Saltrø  
Odd Magne Sandvik  
Helge Torseth  
Jan Torset  
Johannes Torset  
Ole Torseth  
Gunnar Endre Vingsnes  
Lars Johannes Vingsnes  
Bjørn Aakvik  
Olav Thevik  
Eva Engdal  
Anne-Birgitte Ertvaag  
Gunvor Torhild Fuglevåg  
Janne Gridsvåg  
Gerd Bodil Hauge  
Solfrid Hjelen  
Eli Helle  
Synnøve Kalvik  
Signe Jorunn Kjønngøy  
Tove Kristin Maridal  
Berit Ness  
Anne Strand  
Ann Vigdis Sletta  
Aud Hanne Sletta  
Jorunn Annie Sletta  
Gudrun Vaag  
Klara Vaag



### Konfirmert i Vinje kirke, Hemne, 22. mai 1972

Arne Olav Rodal  
Marianne Fjoseide

### Konfirmert i Stemshaug kyrkje 2. juli 1972

Svein Gudmund Bakk  
Kjell Ove Bakk  
Ivar Dromnes  
Emil Skar  
Ove Jøran Solli  
Anders Ulfnsen  
Einar Wigum  
Aud Fævelen  
Solveig Wigum

### Konfirmert i Gullstein kirke 2. juli 1972


Marit Borge  
Eli Oddrun Brevik

Anne Inger Bekken  
Gerd Johanne Johansen  
Aase Annlaug Nygård  
Åse Pauline Rovik  
Ingfrid Helen Sagvik  
Ingunn Merethe Soleim  
Kari Olea Soleim  
Per Gunnar Alsvik  
Roger Aunvik  
Alf Arild Bekken  
Inge Malvin Fikkan  
Gunnar Fjærvik  
Magnar Fjærvik  
Steinar Olav Gjøstøl  
Ingebrigt Haltbakk  
Ronald Johan Kristensen  
Nils Ole Klevjer  
Tor Ole Lervåg  
Halvor Reiten  
Erling Arne Todal  
Sverre Lervik Ødegård

**Returadresse:**  
Menighetsblad  
v/ Aure kyrkjekontor  
Aursundvegen 147  
6690 Aure

## Dugnad på Stemshaug

Stemshaug sokneråd arrangerte dugnad på kyrkjegarden. Ca 20 stk. møtte opp til dugnad. Raking, maling og rydding vart gjort. Vasking av benker vart også gjort. Stort sett same gjengen som møter opp kvart år. Kaffe og nokoå bite i var det også.



## Rydding av haugen ved bautaen på Stemshaug

Kyrkjevevja fekk ein hyggeleg e-post før påske, frå Mille Aarvåg og Pål Erik Røkkum. Dei ønskte å bidra med dugnad og rydding rundt bautaen ved Stemshaugkyrkja. Dette var sjølvsagt veldig kjærkome, og vi takka for henvendelsen. Dei hadde ikkje høve til å delta på den annonserte dugnaden, så dei utførte arbeidet på eige initiativ og med eige utstyr nokre dagar tidlegare.

Det vart rydda tre, kratt og kvistar, og dei fjerna også noko av mosen på bautaen og berget rundt. Haugen vart veldig fin til 17. mai, og vi takkar Mille og Pål Erik for jobben som vart gjort.

*Kyrkjevevja*

